

# *BOKN BYGDABLAD*

---

NR 10 - DESEMBER 1993 - ÅRG. 8

---

UTGJEVAR.: BOKN KULTURKONTOR

## **ORDFØRAREN HAR ORDET:**

I julehelsinga mi i fjar nemnde eg at folketalet hadde auka. Dette året kan eg bekrefte at denne auken fortset, slik at me pr. dato er 10 personar fleire enn same tid i fjar.

I siste året er det påbegynt 13 nye bustadhus, og fleire ventar på klarsignal for bygging.

Dette er gledeleg utvikling, men det krev også ny satsing på klargjering av nye tomteareal for komande utvikling på dette området.

Med den utviklinga me nå har, vil tomtereservene kommunen har vera oppbrukt innan ganske kort tid.

Dei fleste vil nok gjennom avisene ha sett at dei aller fleste kommunane slit med å få balanse i budsjettene sine. Det er forsåvidt ikkje noko nytt å lesa om det på denne årstida. Men det som gjer det ekstra vanskeleg i år, er at staten har lagt om regelverket for statlege overføringer til kommunane. for Bokn kommune sin del betyr dette at overføringane frå staten vert ca. 1 mill. kroner mindre enn me ville fått etter dei gamle retningslinene. For å driva Bokn kommune neste år vil det gå med brutto kr. 21.520.000.

Kommunen sine samla inntekter vil bli kr. 22.700.000. Av desse inntektene er berre ca. 1/3 eigne skatteinntekter. Det vil seia 6.530.000. Overførde midlar frå staten er 10.714.000. I tillegg kjem avgifter, gebyr, tomtesal og andre tilskot inn som inntekter til kommunen.

Som ein vil sjå av dette er det eit heller lite beløp til fri disposisjon, for 1994 berre ca. 1,2 mill. kroner. Dette er for lite når ein ser dei investeringsoppgåvene som ligg framfor oss. Det vil nok vera nødvendig i dei komande åra å prøva å rasjonalisera drifta med sikte på å oppnå betre driftsresultat. Formannskapet har nå bestemt å starta arbeidet med å omorganisera både den politiske og den administrative styringa av kommunen. Det er forventningar til at resultatet av dette arbeidet skal gi innsparinger.

Politisk arbeid består mykje av å prioritera mellom ulike tiltak som gjeld kvar dagen for oss alle. Av og til

**ORDFØRAREN HAR ORDET,**  
framh. frå s. 1

oppstår det situasjonar på enkelte områder som krev store løft.

For 1994 gjeld dette for helse/omsorg-sektoren der det er tenkt realisert to store utbyggingar. Dette gjeld utbygging av sjukestova med 5 sengeplassar og bustadprosjekt med 6 leiligheter rett nord for sjukestova. Eg gjer merksam på at budsjettet ikkje er behandla i kommunestyret ennå, slik at det eg refererar til er formannskapet sitt framlegg.

Stort sett trur eg ikkje den enkelte vil merka nokon særleg endring i det kommunale tenestetilbudet neste år. Tvert imot trur eg det vil berre bli betre.

Ei fredeleg julehelg til alle saman og godt år i 1994.

Helsing Leif



## **TV-AKSJONEN**

**-93**

**BOKNARANE GA MEST I  
NORDFYLKET ETTER  
UTSIRA**

Rekna etter beløp pr. innbyggjar kom Bokn etter Utsira i Nord-Rogaland ved TV-innsamlinga -93 som Norges Røde Kors arrangerte i november. Beløpet for Bokn enda på 41.831,78. Det vil seia kr. 55,04 pr. innbyggjar. I heile Rogaland vil det seia nr. 4 av kommunane pr. innbyggjar. Før oss kom Utsira med kr. 268 pr. innbyggjar. Deretter Kvitsøy (kr.63) og Forsand (kr. 59).

Det må seiast å vera eit fint beløp. Takk frå kommunekomiteen til Bokn Røde Kors og til alle som ga.

## **TAKK FOR ALLE BIDRAG TIL BLADET**

Redaksjonsutvalet vil på slutten av året takka alle bidragsytarar som har kome med innlegg til bygdabladet, stort eller lite.

Det betyr mykje for kontakten med

bygda at me får større og mindre innlegg frå dykk, og kapasitet og ressurser i budsjettet gjer at ein er avhengig av noko frivillig innsats for at dette skal gå greit.

# **NY PREST**

Som dei aller fleste vil kjenne til har me no vore utan fast tilsett sokneprest i 5 månader.

Dei 3 siste månadene har tidlegare sokneprest til Skjold, Trygve Sandvik, vore tilsett som vikarprest. Me har det så godt med han at det står ikkje på slik om vikariatet hadde vart lenger, men me får takke han for den tid han har vore.

For sundag den 12. desember kan me ynskje vår nye sokneprest, Arne Aurdal, velkommen til si første høgmesse i Bokn. Sokneprest nr. 16 i Tysvær Prestegjeld sidan det vart oppretta i 1848. Før den tid høyrdde jo Tysvær til Skjold og Bokn til Falnes.

Den nye soknepresten vert innsett i embetet sundagen før, den 5. desember i Tysværkyrkja. Det vert fest etterpå på Tysværvåg skule. Me deltek i dette me frå Bokn og.

Arne Aurdal er fødd og oppvaksen i Hunndalen ved Gjøvik der faren var prest. Han er 42 år, tok i tillegg til gymnas folkehøgskule, før han tok til med studiene ved Menighetsfakultetet i -71. Ferdig utdanna i -78. Var feltprest i to år, tilsett ved hovedkontoret KFUK/KFUM i fem år. Har vore res. kap. i Voksen menighet i Aker frå -85.

Sjølv om han er langt borte frå, har han tilknytning her med di han er gift med ei tysværjente, Kristine f. Susort (dotter til Sigrid og Gustav). Vårt nye prestepar har tre barn: Jon Rasmus 11, Sigrid 8 og Gaute 6 år.

Me ynskjer dei velkomne, ser fram til å møte dei. Vonar dei får mange gode år her, og at Gud vil signe både dei og arbeidet deira.

Sigvart Våga.

## **MINNEORD**

Torleif Bokneberg er død, 75 år gammal.

Han var fødd i 1918 på Boknaberg, og var son til Kristine Boknaberg. Han vaks opp hos mora og bestefaren, og seinare overtok han ein del av heimagarden.

Opp gjennom åra dreiv han både fiske og gardsdrift. Han vart gift med Agnes Jøsang, og dei fekk 5 barn.

Torleif Bokneberg har vore med i kommunestyret og andre kommunale utval.

Torleif var ein omgjengeleg og utadvendt mann som var lett å koma i kontakt med. Han vil bli sakna i bygda.

Ektefellen Agnes og 4 barn lever etter Torleif. Av nær familie har han elles svigerson og to barnebarn etter seg.

# **GOD OG GRØN JUL**

(miljøvennlege julegavetips  
frå miljøheimevernet)

\* **Naturoppleveling**

- skitur, fisketur el.  
sykkeltur til våren, f.eks.  
inkludert heimebakst og kakao!

\* **Kultur,- mat for sjela**

- teater, revy, kino, e.l.  
konsertbillett. Invitasjon til  
ein utstilling.

\* **Mat for kroppen**

- invitasjon til eit måltid  
med sær preg. Mat du har dyrka,  
samla el. fiska sjøl. Maten  
kan også leggast under  
juletreet: heimelagasursild,  
raudbetar, krydderurter,  
syltetøy...

\* **Til huset**

- kildesorteringsdunkar
- sparehode til dusj og kranar  
(dette er to gåver i eit,-den  
første under treet den andre  
på strømrekninga!)
- sugekopp til tette slukar  
(så slepp vi å bruke giftige  
kjemikalier)

\* **Til utbruk**

- fuglekasse
- sykkel (sykling er  
moro, sosialt og sunt) For  
dyrt? Kva med ei sykkelveske?
- kompostbinge (med på kjøpet  
får den heldige etter kvart  
gratis og god matjord) Ta  
kontakt med kommunen. Du får  
kompostbinge til redusert  
pris.

\* **Leiker**

- Kjøp leiker som kan  
reparerast.
- Ikkje kjøp leiker i PVC  
plast (spør i butikken). Tre  
er det beste materiale.
- Ikkje kjøp leiker med giftig  
maling og lakk.
- Medlemsskap i "Blekkulfs  
mijlødektektiver".

For dykk som har meldt dykk ut  
av julegavejaget. Ein ide kan  
likevel vera ei gave til ein  
bistandsorganisasjon. Det  
finnes mange organisasjoner  
som arbeider for å hjelpe  
menneske som treng ei bit av  
vår overflod.

God Jul !



Illustrasjon Svein

Nyhus. Miljøheimevernet


# BOKN FOLKEBIBLIOTEK

## OPNINGSTIDER:

TIRSDAG : K1.10.00 - 13.30

ONSDAG : K1.16.00 - 19.00

TORSDAG : K1.10.00 - 13.30



## LESETIPS FOR DESEMBER

### BARN OG UNGDOM

Abrahamsen, Aase Foss:  
Timian Love

Dahle, Gro:  
Simon og Kaia bader

Haugen Tormod:  
På sporet av Frøken Detektiv

Pietrowska, Margozata:  
Oliver hos fuglene

### VAKSNE

Pinkola Estes, Clarissa:  
Kvinner som løper med ulver

Heyerdahl Thor:  
Pyramidene i Tucume

Isdahl Bård:  
Jeg er timeglasset

Biblioteket er stengt onsdag 29.12.93

GOD JUL!  
Hilsen Jonne

# **MINNER FRÅ FORNA DA'R**

Eg var i mange år i fart på den fjerne Østen. Det var ein stor båt eg var på. Me hadde 12 passasjerar. Me starta i San Fransisco og siste havn var Fremantle i Australia. Det eg vil fortelja om er då me lasta sauher. Det var etter at me var ferdig lasta med stykksgods. Det var alle sorter last.


Båten som eg var på akkurat då var "Kristin Bakke". Den var på 11300 dv. Me forhalte båten til ein annan kai for å lasta sauher på dekk. Du kan tru det var eit syn som ein ikkje gløymar så snart. Det kom folk ombord og laga sauegarar (båsar) både på fordekket og akterdekket, og på bakken. Det var ankerspillet og pullerne som var klar for fortøyning. Då fordekket og akterdekket var klargjort, var det å få alle sauene ombord. dei var i jernbanevogner på kaien. Me skulle lasta 6000 sauher på dekk. Dei hadde mykje ull. eg veit ikkje ka rase det var. Eg trur eg har sett same slaget her i landet og. Det var store fine sauher.

Nå begynte det løgna. Ein svær gangvei blei sett opp midtskips. 2 hundar styrte med lastinga av sauene. Sauene blei slept or vognene og ned på kaien. Kaien var også innhegna. Det var ein hund på kaien og ein ombord. Hundens på kaien tok ein del sauher og jagde dei ombord opp gangveien. Så tok hunden ombord over og jaga sauene til fordekket eller

akterdekket alt etter som han fekk beskjed om. Der var drikkekar i kvar binge. Eg trur det var ca 40-50 sauher i kvar binge. Me lasta ein heil del med høyballar på 2. luka. Det gjekk nesten ein heil dag å lasta 6000 sauher. Det var avgang same kvelden. Passasjerane kom ombord på ein annan gangvei.

Me brukte 6 døgn frå Fremantle til Singapore. Eg trur ikkje sauene lei noko vondt på turen. Det var veldig varmt der dei sto i 6 døgn under open himmel. Det einaste som var livsfarleg, var viss me fekk uver og mykje overvatn og sjøsprøyt på sauene. Det var livsfarleg for dei. Me sette to matrosar til å gi dei høy og vatn morgen og kveld. Det var vatn i slangar på begge sider av dekket. Matrosane likte jobben, og dei slapp anna arbeid ombord då. Sauene fekk som sagt godt stell og plenty mat og drikke. Det var som regel ein 5-6 sauher som strauk med. Båtsen ombord var som ein doktor. Han fekk beskjed om det var ein sau som viste seg å vera litt därleg og svak. Då spurte han etter ei flaske med gin. Han opna kjeften på sauven og tømte ein del med gin inn. Du skulle sett det var ikkje lenge før sauven var i toppform.

Eg hadde vakt frå kl. 04.00 til kl. 08.00 om morgonen. Når eg såg ned på fordekket som var fullt av sauher,



kunne ein ikkje tru at ein var ombord i ein båt. Heller langt til fjells!

Då me kom til Singapore var det til eigen kai. Der var jernbanevogner på kaien som sauene skulle fraktast vekk i. Det kom og ein hund ombord som fekk sauene ned gangveien. Eg trur hunden tok 50-60 på ein gong. Når han hadde fått dei på land, kom han ombord etter nye. Det tok ikkje lang tid for å få 6000 sauar på land. Då alt var lossa kom det ein gjeng ombord som skulle gjera reint på dekk. Det var fælt på dekket med saueskitt og nedtrødd høy. Det var ein heil gjeng med unge kvinnfolk som gjorde reint. Dei var ikkje redde for å skitna seg ut. Ein fekk ikkje lov

til å dumpa saueskiten på sjøen. Det var svære renner frå rekka og ned til lastebilar som stod på kaien. Jentene gjekk berrføtte opp i alt dette. Dei bar korgene på akslene fulle av saueskit og tømde innholdet i renna. Eg syntes synd i dei. Det var sikkert ikkje mykje betaling dei hadde. Etterpå kom det karar frå land og spylte og skrubba alle dekka. Det blei reint og fint. Ein kunne ikkje tru at me hadde hatt så mange sauar ombord. Nå var det til ein annan kai og lasta ferdig stykgods for Japan og over til Vancouver BC og San Fransisco. Me brukte 4 månader på rundturen frå San Fransisco.

Helsing Hilmar Svendsen.

# B S U BUSTADSPARING FOR UNGDOM

Dette er ei spareform spesielt for deg mellom 18 og 34 år!

20% skattefradrag  
god avkastning  
garantert lånerett



## TAKK TIL FRITDSLEIAR OG SANITETEN

Me i Bokn Diskotek og Petra fritidsklubb vil takka fritidsleiar i Bokn kommune, Olav Rossebø for eit fint samarbeid dei vel to åra han har vore i denne jobben. Som sikkert mange veit, har han nå fått nytt arbeid. Han har vore positiv ovafor oss unge, og me vil rosa den gode velviljen hans og pågangsmotet. Me vil også at han skal vita at han er ein person me kjem til å sakna som fritidsleiar.

Vidare vil me også takka for gava me fekk frå sanitetsforeninga i Bokn. Pengane blei brukt til innkjøp av ei diskokule som vil henga som eit solid minne.

### ME TRENG MØBLER

I den seinare tid har me hatt behov

for meir møbler på diskoteket. Viss nokon har møbler dei ikkje har bruk for lenger, tar me gjerne imot dei. Kontakt Grete Øvrebo på tlf. 52748575 eller Fredrik Faye på tlf. 52748455.

### FØRJULSTREFF

Me vil prøva å samla alle ungdomar mellom 15 og 25 år og gjerne eldre også til førjulstreff lørdag den 18. desember. Bokn Diskotek har også tatt vare på tradisjonane, slik at det også i år blir oppe på 2. juledag og nyttårsafta.

God jul og godt nyttår!

Helsing oss i Diskoteket og Petra

# **RØYKJARANE FEKK UTSETJING**

## **DET SKAL LAGAST HANDLINGSPLAN FOR RØYKFritt MILJØ PÅ KOMMUNALE ARBEIDSPLASSAR INNAN 1996**

Det vart likevel ikkje så drastiske strakstiltak ovafor røykjarane på kommunale arbeidsplassar som det arbeidsmiljøutvalet hadde lagt opp til i første omgang. På grunnlag av eit par klager frå kommunalt tilsette over vedtaket, tok arbeidsmiljøutvalet saka opp til ny behandling den 1. november i år.

Det nye vedtaket vart formulert slik at arbeidsmiljøutvalet ber om at Bokn kommunestyre lagar til ein handlingsplan for røykfritt miljø på kommunale bygg og arbeidsplassar i

løpet av 1996. Vidare har arbeidsmiljøutvalet innskjerpa at den såkalla Røykelova vert overhalden, og ber om at rådmannen fylgjer dette opp ovafor etatane.

Dette betyr at alle fellesrom, møterom m.v. skal vera røykfrie. Røykjing kan framleis foregå på kontor som etter nærmere vurdering kan klassifiserast som såkalla enkeltkontor. På Boknatun kan dei som ynskjer ein røyk i matpausen nytta allrommet.

## **NYTT FRÅ SOKNERÅDET I BOKN**

Det gamle og det nye soknerådet hadde felles møte 25. november. I det gamle hadde ein eindel referatsaker, oppsetjing av offerdagar for 1. kvartal -94. Inngangspartiet til kyrkja er ikkje godt nok, terskelen er for høg. Soknerådet vedtok å få dette utbeta.

Ved konstitueringa av det nye soknerådet vart Sigvart Våga vald til formann og Marie Vågshaug til nestformann. Kjell Kro vart vald til kasserar. Klokkaren, Svanhild Alvestad skal vera sekretær.

Diakonutval: Gunvor Øvrebø formann, Ingebjørg Ognøy og Randi Are.

Kontaktutval Kirkens Nødhjelp: Jakob Are.

Undervisningsutval: Leiv Våga formann, Sigmund Alvestad, Marit Øvrebø.

Styremedlem Kyrkjetonar: Sverre Øvrebø.

Medlem redaksjonsnemnda Kyrkjetonar: Leiv Våga.

S.V.

# BOKN HAGELAG AV 1984

## FORMANNEN INFORMERER

Ja så nærmer vi oss slutten på dette året og et nytt står for døren. Det vil være et år med nye muligheter og kanskje enda flere medlemmer enn hva vi er pr. i dag. Medlemstallet er i dag på 37 stk. så vi kan enda bli en god del flere mennesker i hagelaget.

Vi som er medlemmer er en gjeng blandet av gammelt og ung, men med to ting felles: unge i sinn - utpregede amatører.

Våre intensjoner for kommende år kan være så mangt, men vi vil komme med noen saker her i bygdabladet.

Vi kommer til å kjøpe inn en tilhenger av type stor - en plenlifter av god kvalitet - overhaling av jordfreser.

Dette vil komme alle til gode mot et lite vederlag.

Leie av tilhenger kr. 300,- pr. dag  
MEDLEMMER kr. 150,- pr. dag

Leie av plenlifter kr. 250,- pr. dag  
MEDLEMMER kr. 150,- pr. dag

Leie av jordfreser kr. 300,- pr. dag  
MEDLEMMER kr. 100,- pr. dag

Som en ser så har medlemmene fordeler og slik skal det være. Foruten dette så får en bladet Norsk Hage Tidend tilsendt. Her vil en få en god del med informasjon om

blomster - bærbusker - frukttrær - muring med stein - opprettelse av plen osv.

Vi har også foredragsholdere på våre møter som er åpent for alle som vil komme. Møtene blir holdt på Boknatun.

Som sagt så er vi en god gjeng som liker å stelle med hagen eller det som skal bli en framtidig hage, men med det for mål at vi er bare

AMATØRER som liker å lære litt etter hvert. (Når til og med undertegnede er med så er det håp for enhver).

Det er allerede valgt inn nytt styre for neste år:


Formann: Steeven Høyland  
Nestform.: Ranveig Nygaard  
Sekretær: Helge K. Nilssen  
Kasserer: Solveig Ellingsen  
Varamann: Else Kjellesvik  
Varamann: Marit Markhus

## PROGRAM FOR 1994

Januar: Regionmøte. Ingjerd Høie har lysbildekåseri med tema fra reise i Afrika.  
Møtested: Lundal kafe.  
Arr: Tysvær Hagelag

Februar: Beskjæring av frukttrær v/ Gudmund Eiane, Hjelmeland.

- Mars: Bruk av Stein i hagen, natur og belegningsstein.  
Program ved anleggsgartner Ola S. Apeland.
- April 15.: Regionmøte. Idar Jansen, Jørpeland, har lysbildekåseri om roser.  
Møtested: Lundal kafe.  
Arr: Tysvær Hagelag
- Mai: Bokn Hagelag har 10 års jubileum og feirer med hageselskap. Grill og kos. Dessuten blir det plantesalg og planteloppeloppemarked.
- Juni 5.: Tur til Ålland, Karmøy. Sammen med andre hageselskap er vi på vandring hos Karl Lalid, hjemme og på skolen.
- August: Ingjerd Rønli Høie
- kåserer og viser hvordan vi bruker urter.
- September: Tur til staudegartneriet i Årdal og til fruktgard i Hjelmeland.
- Oktober: Årsmøte. demonstrasjon av blomsteroppsetning.
- Nov/Des.: Kurs i blomsteroppsetning og juledekorasj.
- Håper at dette vil være av interesse for noen og enhver, og skulle det være noe en undres på så ta gjerne kontakt med undertegnede eller andre som en vet er med i laget.
- HA EN RIKTIG GOD JUL OG ET GODT NYTT ÅR.
- Steeven Høiland



# **LIV I HUS OG SJØHUS I ALVESTADKROKEN?**

Skal det verkeleg bli liv og røre att i gamle hus og sjøhus i Alvestadkroken?

Visse ting tyder på at det er nokre som nå for alvor tar fatt på oppbyggings- og restaureringsarbeid av både hus og sjøhus.

Steinar Alvestad opplyser til bygdabladet at han har planar om å innreia 5 ferieleiligheter i sjøhuset sitt som ligg vegg i vegg med butikken. Han vil ha to av leilighetene i 1. etasje og tri i 2. etasje. Tanken er å leiga desse ut til feriegjester enten dei kjem frå Norge eller andre land. Han vil då ha båtar til disposisjon for dei som leiger.

Steinar Alvestad har elles planar om innreiing av 1.etasje i sjøhuset til ei form for selskapslokale som kan ta omtrent ei busslast med gjester. Det vil seia ca. 50 personar. dette kan også nyttast som ein slags sommarkafe eller under arrangement som sist sommar.

Sjøhuset er alt jekka opp 40 cm. for å få isolera det i golvet. seinare vil han få gjort ferdig arbeidet i 1. etasje, og



håpar dette kan stå ferdig til sommaren. Det er eit omfattande arbeid som må gjerast, både med avløp og andre ting. Det skal bli støypt golv i 1. etasje med klinker og varme i golvet. På veggene skal golvborda nyttast, slik at det heile skal bera preg av opprinnelig byggjestyil. Det gjeld både utvendig og innvendig. Kostnadene på heile prosjektet er så store at det vil kunna ta ei tid før alt er ferdigstilt. Prosjektet må reknast som eit næringsutviklingsopplegg, og det vil bli søkt om støtte frå aktuelle fond. Spennande blir det i alle fall å sjå om det kan lukkast å få til innbringande næringsverksemd i eit maritimt miljø som har sjela frå tidlegare tiders fiskarmiljø i Bokn i tak og vegger både ute og inne.

Elles har vel mange sett at det såkalla Nikolay-huset i same området vert pussa opp etter alle kunstens reglar både utvendig og innvendig, sannsynlegvis til feriehus. Gamle tømmervegger kjem til syne i romma, og fint blir det.

Det kan bli eit triveleg miljø i Alvestadkroken.

## **ALLE MÅ HA SEPTIKTANK INNAN 01.01.98**

Bokn kommunestyre vedtok den 16. november at det for eldre avløpsanlegg utan løyve skal sendast søknad om utsleppsløyve innan den 01.01.95. Frist for bygging av nye avløpsanlegg er sett til 01.01.98. Vedtaket er gjort med heimel i Forskrift om utslipp fra separate avløpsanlegg §12.



## **6 DYR PÅKJØRT I ÅR PÅ RIKSVEG 1 I BOKN**

I alt 5 hjortar og 1 rådyr er i år påkjørt av bilar på Riksveg 1 i Bokn. Det er på strekninga sør for Håklepptunnelen og frå Alvestad og sørover til omrent Sandvika at påkjørslene har funne stad. Seinaste tilfelle var ein fredag i november kor to hjortar vart påkjørde, ein sør for Håklepptunnelen, og ein sør for Knarholmen-krysset. Heldigvis er det ikkje folk som er skada i påkjørslene, men kjøretøya har fått skader.

Vilnemnda i Bokn har på bakgrunn av dei mange påkjørslene vendt seg til politistyresmaktene med spørsmål om skilting.

### **HJORTEJAKTA**


Det var i år fellingsløyve for 24 dyr. 18 hjortar er felt. Det har vore ein auke i hjortestammen i Bokn, og det begynner nå også å bli ein relativt god auke i rådyrbestanden. Men det er førebels ikkje fellingsløyve på rådyr i kommunen.

### **TROEN OG HÅBET**

Pessimisterne  
er dog  
de reneste tåber -  
de tror  
på det modsatte af,  
hvad de håber.

Nei, de optimister,  
som livet  
beror på,  
er dem,  
som tør håbe  
på noget, de tror på.

Piet Hein



## **BRANNSJEFEN INFORMERER**

Hvert år er det over 4000 branner i Norge med årsak i elektriske apparater. Over 1000 av disse brannene skyldes radio og TV-utstyr eller forsterkerutstyr.


Vær forsiktig med å overbelaste det elektriske anlegget og bryt helst strømmen når apparatene ikke er i bruk.

Har du husket å kontrollere røykvarsleren før jul?

### **TIL SALGS**

*Skjellsand kr. 110,- pr. 7 hl.  
utkjørt.*

*Har og sand, singel og grus.  
Jakob Ullenes, 4150 Rennesøy  
tlf. 0451 32 87  
mobil 060 70873*



### **JULETRE OG NEK**

Bokn Røde Kors vil også i år selja juletre og nek.

Pris juletre kr. 150,- Nek kr. 30,-

Me har også sekker med ved til ein pris av kr. 30,- pr. sekk.

Ring og bestill!

Jon A. A. 52 74 83 81  
Torleif T. 52 74 83 59

## **BOKN BYGDABLAD**

### **UTGJEVAR:**

Bokn kommune, kulturkontoret  
4290 Bokn, tlf. 52 74 85 00  
Postgirokonto 0806 5 68 45 01  
Bankgirokonto 3373.07.00305

### **BYGDABLADNEMND:**

Ingunn Våge  
Arvid K. Jøsang  
Liv Vatnaland

### **REDAKTØR:**

Reidar Alvestad

### **ABONNEMENT:**

Gratis til alle husstandar i Bokn  
Utanbygds: kr. 100,- pr. år

### **ANNONSEPRISAR:**

Heilside: kr. 300,-  
Halv side: kr. 150,-  
1/4 side: kr. 75,-  
1/8 side: kr. 50,-  
Små privatannonser: kr. 10,-

### **FRIST FOR STOFF:**

Den 20. i kvar mnd. 10. nr. årleg

## **ARRANGEMENT:**

- 12.12: Lucia-fest på Bokn skule kl.  
18.30
- 13.12: Adventsfest for eldre på Bokn  
skule kl. 17.30
- 18.12: Sundagsskulen har julefest  
på Bokn Bedehus kl. 15.00.

Takk til alle som hugsa meg på 60  
års dagen.  
Helsing Ottar

Takk til alle som hugsa meg på 60  
års dagen  
Helsing Anna

**BIBLIOTEKET**  
ER STENGT ONSD. 29.  
DESEMBER

**TIL SALGS**  
  
Toyota Camry DX -86 mod. til sals.  
Henv. Hosaas tlf. 52 74 85 84



- 12.12: kl.11 Høgmesse v/ sokneprest  
Aurdal. Nattverd.
- 24.12: kl.14 Familiegudsteneste v/  
sokneprest Aurdal. Offer  
til Kirkens Nødhjelp.
- 26.12: kl.11 Høgtidsgudsteneste v/  
sokneprest Aurdal.

**SUNDAGSSKULEN**  
har julefest den 19. desember på  
Bokn Bedehus kl. 15.00

KYRKJEBYGD SUNDAGSSKULE  
i januar 1994:  
16.januar kl. 14.00 (gamle skulen)  
30. januar kl 14.00 (gamle skulen)

## **FOTPLEIE**

Det vert fotpleie onsdag den  
12.januar. Påmelding til  
sosialkontoret i tlf. 52 74 85 00.